



**DET KONGELEGE BARNE-
OG FAMILIEDEPARTEMENT**

Statsråden

Stortinget
Familie- og kulturkomiteen
0026 OSLO

Dykkar ref.
IS/mb

Vår ref.
22/3420-

Dato
24. november 2022

Dokument 8:22 S (2022-2023) - svar på representantforslag om å sikre forsvarlege barnevernstenester

Eg viser til representantforslag 22 S frå stortingsrepresentantane Grunde Almeland, Abid Raja, Guri Melby, Ola Elvestuen, Ingvild Wettrhus Thorsvik og Guro Holm Skillingstad om å sikre forsvarlege barnevernstenester. Representantane har følgjande fem forslag:

1. Stortinget ber regjeringa greie ut korleis staten kan gripe inn overfor kommunar som systematisk bryt rettane barn har, eksempelvis etter modell av ROBEK.
2. Stortinget ber regjeringa greie ut korleis barn kan få styrkte nasjonale klagemoglegheiter og prosessuelle rettar.
3. Stortinget ber regjeringa utvida mandatet til Statens undersøkelseskomisjon for helse- og omsorgstenesta, slik at den òg får ansvar for gransking av det kommunale barnevernet.
4. Stortinget ber regjeringa stadfeste i ei forskrift føremålet med tilstandsrapporteringa til barnevernet, samt enkelte vesentlege punkt alle barnevernstenester skal rapportere om, og korleis dei skal rapportere.
5. Stortinget ber regjeringa komme tilbake til Stortinget med forslag om forbetringar i delkostnadsnøkkelen for barnevern, basert på anbefalingane i NOU 2022:10, med mål om å gjera den meir treffsikker.

Eg deler engasjementet forslagsstillarane har for at barnevernstenestene skal vere forsvarlege, og at barn, unge og familieane deira skal møta eit fagleg sterkt barnevern, med tid og ressursar til å følgje opp behova til familien. Fleire rapportar og tilsyn tyder på at barnevernet ikkje godt nok klarar å hjelpe dei barna som treng det mest. Helsetilsynet sitt landsomfattande tilsyn i 2020 og 2021 med det kommunale barnevernet viste lovbrøt og forbettringsområder i 80 av dei 90 undersøkte barnevernstenestene. Dei viktigaste funna i

undersøkinga var knytt til at mange barnevernstenester ikkje sørga for barnet sin medverknad og nødvendig framdrift i undersøkinga. I dei fleste tilsyna blei lovbrota kopla til mangelfull styring og internkontroll. Dette er bakgrunnen for at regjeringa i statsbudsjettet for 2023 føreslår ei tiltakspakke på 25 mill. kroner for å styrkje arbeidet med å auke kvaliteten i det kommunale barnevernet. Tiltaka skal svare ut utfordringar i kommunalt barnevern som tidlegare tiltak ikkje adresserer i stor nok grad. Dei ulike tiltaka er nærare omtalt under punkt ein.

Det er òg bakgrunnen for at regjeringa i Hurdalsplattforma har varsla at vi vil leggje fram ein kvalitetsreform for barnevernet. Eg viser til at regjeringa har gitt Barnevernsutvalet utvida mandat til å utgreie rettstryggleiken i alle delar av barnevernet. Utvalet, som skal leggje fram si utgreiing våren 2023, skal blant anna ha ein gjennomgang av enkeltsaker der det har skjedd feil eller svikt, med sikte på læring. Eg viser òg til at regjeringa har sett ned eit utval som skal greie ut institusjonsbarnevernet og føreslå nødvendige endringar i tilbodet. Dei vil leggje fram sin rapport hausten 2023. Tilrådingane frå utvala vil inngå i kvalitetsreforma. I tillegg vil eg understreke at regjeringa òg arbeider med ein gjennomgang av fosterheimsområdet, for å sikre kvaliteten i dette viktige området av barnevernsfeltet.

- 1. Stortinget ber regjeringa greie ut korleis staten kan gripe inn overfor kommunar som systematisk bryt rettane barn har, eksempelvis etter modell av ROBEK.*

Forslagsstillarane vil gi staten større moglegheiter til å gripe inn overfor kommunar på barnevernsområdet. Det kan handle om alt frå varsel til pålegg om forbetringar, men òg å kunne gripe direkte inn arbeidet til det kommunale barnevernet i særlege alvorlege situasjonar, til dømes etter modell av ROBEK.

Eg er samd med representantane i at det ikkje kan avhenga av kvar i landet barnet bur om dei får oppfylt sine rettar. Eg meiner òg at det er viktig å setja i verk tiltak overfor kommunar som bryt rettane til barn. Tilsyn er det viktigaste statlege verktøyet vi har for å avdekkje svikt i kommunale tenester. I motsetning til representantane meiner eg at tiltaka bør ha som hensikt å styrkje kommunane og barnevernstenesta i arbeidet sitt, framfor at staten skal overta styringa av kommunen på barnevernsområdet.

Som nemnd innleiingsvis føreslår regjeringa ein tiltakspakke på 25 mill. kroner for 2023 til å styrkje arbeidet med å auke kvaliteten i det kommunale barnevernet. Regjeringa vil bruke midlar på å styrkje ordninga med rettleiingsteam, som er eit rettleiingstilbod Bufdir yter til kommunar som ønskjer å styrkje og utvikle barnevernstenesta. Det er statsforvaltar som etter ei ROS-analyse vurderer kva for kommunar dei vender seg til og tilbyr dette som eit frivillig tiltak. Regjeringa føreslår vidare at midlar frå tiltakspakka skal gå til ei satsing på styring og leiing i det kommunale barnevernet, og til å sikra nyttilsette leiarar kunnskap og trening i grunnleggjande leiarevner. Det skal òg bli utvikla eit opplæringsprogram om internkontroll for alle barnevernsleiarar, og det vil bli oppretta ei ny vidareutdanning for barnevernsleiarar. Denne kjem i tillegg til noverande vidareutdanning ved RKBU Midt-Noreg. Tiltakspakka omfattar òg eit utvida tilbod om det spesialiserte hjelpetiltaket multisystemisk

terapi (MST). Regjeringa har vidare føreslått midlar til å styrkje oppfølginga statsforvaltarane har av styringa og leiinga til kommunane av barnevernet. Midlane skal gå til å auka kapasiteten hos statsforvaltarane og til å byggja nettverk mellom barnevernsleiarar. Tilbodet skal bidra til at kommunane får meir systematisk hjelp med leiing over tid, og til å forhindre at barnevernsleiarar står utan fagleg nettverk i ein svært krevjande jobb.

Sentrale statlege aktørar, som Bufdir, Statens helsetilsyn og statsforvaltar, har fleire verkemiddel til å gripe inn overfor kommunar som systematisk bryt rettane barn har. Til dømes har statsforvaltaren heimel i barnevernlova § 2-3 til å gi råd og rettleiing til kommunane. Dei kan òg påleggja retting av forhold som er i strid med dei føresegnene statsforvaltaren fører tilsyn med, jf. Kommuneleova § 30-4. Statsforvaltaren kan òg gi kommunar mulkt ved gjentekne fristoverskridingar eller alvorleg fristoversitting av enkelt frist for gjennomgang av meldingar og gjennomføring av undersøking i barnevernlova.

Styringssignala frå departementet til Statens helsetilsyn og statsforvaltarane sett krav til at saker der det er viktig å gripe inn raskt, og der konsekvens av svikt er alvorleg, skal bli prioritert. Helsetilsynet har òg i oppdrag å systematisera informasjon frå tilsyn med barnevernsinstitusjonar ut frå ei vurdering av risiko for svikt. I tilsynsregelverket er det stilt krav om at statsforvaltarane skal jobba risikobasert og følgje opp forhold som tilseier at barn ikkje blir gitt forsvarleg hjelp.

DigiBarnevern, som er eit kommunalt-statleg digitaliseringsprosjekt, skal bidra til betre kommunikasjon mellom forvaltningsnivåa og dermed betre kontinuitet i omsorg og behandling. Bufdir arbeider òg med ein grunnmodell for hjelpetiltak som skal bidra til ei heilskapleg tilnærming til hjelpetiltaksarbeidet. Eg meiner grunnmodellen for hjelpetiltak og DigiBarnevern er viktige bidrag for å betre kvaliteten i barnevernet og motverke uønskt variasjon i kvaliteten på tenestene.

2. Stortinget ber regjeringa greie ut korleis barn kan få styrkte nasjonale klagemoglegheiter og prosessuelle rettar.

For at barn skal kunne vareta sine rettar må dei òg ha moglegheit til å kunne klage. Barn må få god og tilpassa informasjon om sine klagemoglegheiter, slik at dei reelt kan klage på eigenhand. FNs barnekomité har gitt Noreg kritikk for at vi ikkje har tilgjengelege og effektive klagemekanismar. Eg meiner at dette må tas på største alvor. Klageordningar er eit viktig verkemiddel for å sikre barnet sin rettstryggleik. Regjeringa har som mål å styrkje høvet barn har til å klage til dei nasjonale klageorgana. Eg vil i 2023 gi Bufdir i oppdrag å forbetre informasjonen til barn og unge om retten til å klage i enkeltsaker, og å samle informasjon om eksisterande klageordningar på ung.no.. Eg vil òg få utgreidd ein nasjonal portal for klageordningar barn kan nytta.

Barn som er i kontakt med barnevernet og som bur på barnevernsinstitusjon vil ha eit særleg behov for å kunna undersøkje om rettane deira er varetekne. Som nemnt i

representantforslaget har Statsforvaltaren lansert ein barnevennleg klageportal for barn i barnevernet. Den vil gjera klageretten for barn på barnevernsområdet meir tilgjengeleg. I ny barnevernslov, som trer i kraft i januar 2023, blir det lovfesta at for barn på institusjon har institusjonen ansvaret for å informera barnet om tilgangen til å klaga, og dei skal hjelpa til med å forma og sende over klagen dersom barnet ynskjer det.

- 3. Stortinget ber regjeringa utvida mandatet til Statens undersøkelseskommissjon for helse- og omsorgstenesta, slik at den òg får ansvar for gransking av det kommunale barnevernet.*

Eg meiner som forslagsstillarane at det er svært viktig å lære av alvorlege saker og hendingar som barn blir utsett for og førebyggje at slike alvorlege hendingar skjer igjen.

Regjeringa vil følgje opp tilrådinga i NOU 2017:12 Svikt og svik og setje i gang arbeidet med eit høyringsnotat for å etablere ein fagleg uavhengig undersøkingskommissjon for saker som gjeld vald, overgrep eller grov omsorgssvikt mot barn og ungdom. Det vil i utgreiinga bli tatt omsyn til erfaringane i Justis- og beredskapsdepartementet (JD) med deira arbeid knytt til ein undersøkingskommissjon for partnardrap. JD har lagt dei administrative oppgåvene for sin kommissjon til Statens sivilrettsforvaltning. Tilrådingane frå utvalet som ser på varselordningane til Helsetilsynet og Statens undersøkelseskommissjon er òg relevante i det vidare arbeidet. Eg vil understreka at ein kommissjon er meint å vere ei forsterking som kjem i tillegg den viktige oppgåva statsforvaltarane allereie har med kontroll og tilsyn med barnevernstenestene.

- 4. Stortinget ber regjeringa stadfeste i ei forskrift føremålet med tilstandsrapporteringa til barnevernet, samt enkelte vesentlege punkt alle barnevernstenester skal rapportere om, og korleis dei skal rapportere.*

Øvste politiske og administrative leiding i kommunen har det overordna ansvaret for at barnevernstenesta blir forvalta i tråd med gjeldande regelverk og at tenestene er forsvarlege, slik at barn og familiar får den hjelpa dei har behov for. Kommunar som jobbar godt med fagleg utvikling av barnevernet og samordning av tenestetilbodet, blir ofte kjenneteikna av at den politiske og administrative leiinga er tett på arbeidet, og vurderer kvaliteten i eigne tenester. Motsett viser tilsyn at det i enkelte kommunar er ei utfordring at arbeidet til barnevernet er lite kjent blant lokale avgjerdstakarar. Dette kan bidra til at det viktige arbeidet til tenesta ikkje blir prioritert i tilstrekkeleg grad.

Det er eit lovpålagt krav at kommunestyret minst éin gong i året gis ein rapport om tilstanden i barnevernstenesta. Eit hovudformål med rapporten er å gi øvste politiske og administrative leiding i kommunen eit tilstandsbilete av barneverntenesta i kommunen, som set dei i stand til å ha oversikt, gjera prioriteringar og leggja til rette for å gjera tenesta betre. Bufdir har utarbeidd ein nettbasert rettleiar for tilstandsrapporteringa. Rettleiaren beskriv betydninga av rapportering, innhaldet i rapporten, mal for rapportering og bruk av kommunemonitoren til rapporteringa. Rettleiaren skal både vera til hjelp for dei som skal laga, og dei som skal få

tilstandsrapportar for barnevernstenestene. Rettleiaren er òg eit verkemiddel for å sikra at tilstandsrapportane har god kvalitet ved å bidra til at rapporten inneheld tilstrekkeleg og relevant styringsinformasjon for kommuneleiinga.

Buudir har òg utvikla ein kommunemonitor på barnevernsfeltet. Kommunemonitor inneheld ei samling av relevante indikatorar som gir kommunar høve til å samanlikna seg med andre kommunar og barnevernstenester, og dessutan sjå utvikling over tid. Dette er i større grad eit verktøy som er egna til samanlikning på tvers av kommunar og tenester enn tilstandsrapporten i seg sjølv.

Etter mi meining er det ikkje behov for meir detaljert regulering av formålet med og innhaldet i tilstandsrapporteringa, eller korleis rapporteringa blir gjord. Eg tilrår derfor at vi i det vidare arbeidet i første omgang fokuserer på å gjera rettleiaren frå Buudir betre kjent i kommunane. Innføringa av krav til tilstandsrapportering var ein del av barnevernsreforma, som blir følgjeevaluert. Vi vil få meir kunnskap om tilstandsrapporteringa etter kvart som vi får dei årlege delrapportane frå følgjeevalueringa av barnevernsreforma.

- 5. Stortinget ber regjeringa komme tilbake til Stortinget med forslag om forbetringar i delkostnadsnøkkelen for barnevern, basert på anbefalingane i NOU 2022: 10, med mål om å gjera den meir treffsikker.*

Eg vise til at høyringsfristen for NOU 2022: 10 *Inntektssystemet for kommunene* er 22. desember 2022. Dei tilrådde forslaga frå utvalet og høyringsfråsegnene til kommunar og andre vil vere eit viktig grunnlag for regjeringas vidare handsaming av saka.

Med helsing



Kjersti Toppe

